



INNKALLING TIL STYREMØTE I NGIR

Det vert styremøte i NGIR måndag 17.06.14, kl. 14.30 i Kjevikdalen.

Sakliste:

- Sak 12/14 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 13/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 14/14 Meldingar
 - a. Tiltak mot gratispassasjerar
 - b. Diverse munnleg orientering
- Sak 15/14 Bemanning

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei snarast mogleg gje melding til administrasjonen, slik at me kan kalla inn varamedlem.

Kjevikdalen, 10.06.14

Helge Fjellanger
styreleiar


Erlend Kleiveland
dagleg leiar



STYREMØTE

Møtedato: 17.06.14

Sak nr: 14a/14

Sakshandsamar: Hilde Lysø

Tiltak mot gratispassasjerar

Vedlegg:

Notat vedk. tiltak mot gratispassasjerar

Administrasjonen har laga eit notat som vil kunne vera eit utgangspunkt for ei vurdering om NGIR bør setja inn tiltak mot gratispassasjerar. Administrasjonen vil i løpet av dei næraste månadane gjennomføra kartlegging/datainnsamling som skissert i siste del av notatet.

NOTAT

Tiltak mot gratispassasjerar på gjenvinningsstasjonane

Ulike typar gratispassasjerar

- Kundar som bur i Bergen eller andre stader utanfor NGIR-regionen.
(Kundar som bur utanfor NGIR-regionen, men som har hytte i regionen og betalar renovasjonsgebyr for hytte, kan levera avfall frå hytta på gjenvinningsstasjonane, men ikkje avfall dei tek med frå heimen.)
- Kundar som leverer næringsavfall, inkl. firma som hentar avfall heime hjå folk mot betaling. (Kundar med næringsavfall kan koma både frå NGIR-regionen og utanfrå regionen.)
- Kundar som leverer særst store avfallsmengder, t.d. frå riving av garasje/uthus/terrasse, frå utskifting av tak eller frå anna renovering.
(Her er det trong for å avklara kva som er hushaldsavfall, jf. forureiningslova § 27, og kva type/mengde hushaldsavfall det evt. skal krevjast betaling for ved levering.)

Ulike metodar for å stoppa gratispassasjerar

Leveringsbevis

Vert sendt ut årleg til alle som betalar renovasjonsgebyr til NGIR.

Variant A:

Laminert papir e.l., merka med "Hushald" og/eller "Hytte".

Må visast fram på gjenvinningsstasjonane visst det vert spurt etter.

Føremonar:

- Rimeleg løysing.
- Terskelen for å vera gratispassasjer vert litt høgare.

Ulemper:

- Næringskundar kan nytta egne eller andre sine private leveringsbevis.
- Kundar utanfrå NGIR-regionen kan (i teorien) låne andre sine leveringsbevis.
- Kundar som vert kontrollert og ikkje har leveringsbevis, kan seia at dei har gløymt beviset heime, eller tilsvarande.
- Det kan vera vanskeleg å kontrollera (kommunisera med) kundar som ikkje snakkar norsk.
- Det kan vera (praktisk) vanskeleg å visa bort kundar som ikkje har med seg leveringsbevis.

Variant B:

Plastkort med magnetstripe e.l.

Må nyttast for å opna bom inn til gjenvinningsstasjonane.

Føremonar:

- Relativt rimeleg løysing i innkjøp.
- Terskelen for å vera gratispassasjer vert høgare.

Ulemper:

- Næringskundar kan nytta eigne eller andre sine private leveringsbevis.
- Kundar utanfrå NGIR-regionen kan (i teorien) låne andre sine leveringsbevis.
- Det kan vera vanskeleg for kundar som ikkje snakkar norsk å forstå systemet.
- Det kan vera praktiske utfordringar på stasjonane med kundar som ikkje har / har gløymt å ta med leveringsbevis, og som skal ut av bilkøen framfor bommen.
- Det kan vera driftstekniske utfordringar knytt til bommane/korta/kortlesarane.

Variant C:

Plastkort med magnetstripe e.l., som gjev rett til eit visst tal gratis leveringar per år.

Må nyttast for å opna bom inn til gjenvinningsstasjonane.

Føremonar:

- Relativt rimeleg løysing i innkjøp, men kostnadene med betalingssystem (sjå under *Ulemper*) kan verta meir omfattande.
- Variant C vil truleg vera meir effektiv enn Variant A og Variant B i å stoppa gratispassasjerar.
- Eit system med gratis levering inntil ei viss mengde (eit visst tal leveringar), og deretter betaling, vil truleg verta oppfatta som rettvist av mange kundar.

Ulemper:

- Systemet må kombinerast med eit betalingssystem for levering av avfall utover det fastsette talet med gratisleveringar.
- Kostnadene med investering og drift av betalingssystemet kan vera høge samanlikna med inntektene det genererar.
- Næringskundar *kan* nytta eigne eller andre sine private leveringsbevis, men med eit avgrensa tal gratisleveringar per år vil truleg ikkje så mange ynskje å låna ut korta sine.
- Kundar utanfrå NGIR-regionen kan (i teorien) låne andre sine leveringsbevis.
- Det kan vera vanskeleg for kundar som ikkje snakkar norsk å forstå systemet.
- Det kan vera praktiske utfordringar på stasjonane med kundar som ikkje har / har gløymt å ta med leveringsbevis, og som skal ut av bilkøen framfor bommen.
- Det kan vera praktiske utfordringar på stasjonane med kundar som ikkje har fleire gratisleveringar igjen, og som skal betala for å få opna bommen.
- Det kan vera driftstekniske utfordringar knytt til bommane/korta/kortlesarane.

Betaling for levering av avfall på gjenvinningsstasjonane

Ein kan tenka seg i alle fall fire ulike variantar av betalinssystem:

1. Gjenvinningsstasjonane er berre for hushalds-/hytteavfall, og kundane får eit visst tal gratisleveringar per år før dei må betale for evt. ytterlegare levering (sjå Variant C under Leveringsbevis).
2. Gjenvinningsstasjonane er berre for hushalds-/hytteavfall, og kundane må betala for all levering av avfall. Betalinga dekkjer ein del av kostnadene knytt til handsaminga av avfallet som vert levert.
3. Gjenvinningsstasjonane er *både* for hushalds-/hytteavfall og for næringsavfall, og kundane må betala for all levering av avfall. Det er *ulike* betalingssatsar for hushald/hytter og for næring, der næringskundar må betala det det faktisk kostar å ta hand om avfallet som vert levert.
4. Gjenvinningsstasjonane er *både* for hushalds-/hytteavfall og for næringsavfall, og kundane må betala for all levering av avfall. Det er *like* betalingssatsar for hushald/hytter og for næring, der betalinga (i teorien) dekkjer det det faktisk kostar å ta hand om avfallet som vert levert.

Forventa effekt ved betalingssystem:

- Alle variantane vil truleg vera relativt effektive i å stoppa gratispassasjerar som kjem utanfrå NGIR-regionen. Jo høgare betalingssatsane er, jo mindre attraktivt vil det vera for andre kundar å oppsøka NGIR sine gjenvinningsstasjonar, og jo mindre problem vil det vera (økonomisk) for NGIR om dei faktisk gjer det.
- Jo høgare betalingssatsane for levering av hushaldsavfall er, jo mindre problem vil det vera for NGIR om nokre hushaldskundar leverer store avfallsmengder.
- Korkje variant 1, 2 eller 3 vil venteleg avhjelpa problema knytt til næringskundar som prøvar å "snika" ved å seia at det er hushaldsavfall dei leverer. (Variant 3 kan likevel kanskje føra til at færre næringskundar prøvar å "snika"?)

Andre føremonar ved alle formar for betalingssystem på gjenvinningsstasjonane:

- Renovasjonsgebyret vert i større grad differensiert ut frå prinsippet om at "forureinar skal betala".

- Mange kundar vil truleg verta flinkare til å nytta (fylla opp) egne avfallsdunkar, og å samla opp meir avfall før dei leverer på gjenvinningsstasjonen. Dette kan gje eit driftsøkonomisk meir effektivt system.

Andre ulemper ved alle former for betalingssystem på gjenvinningsstasjonane:

- Kostnadane med investering og drift av systemet kan verta høge (og etter at inntektene frå betalinga er trekt frå).
- Mange hushalds-/hyttekundar vil synest at det er negativt å måtte betala for ei teneste som til no har vore "gratis". Nokre kundar vil truleg la dette påverka heile si oppleving av NGIR, og kan verta meir kritisk til resten av renovasjonsordninga.
- Nokre kundar vil forventast at renovasjonsgebyret vert sett ned dersom det vert innført betaling på gjenvinningsstasjonane (og mange vil i så fall meina at gebyret ikkje vert sett nok ned).
- Nokre kundar vil meina at dei som må betala for å levera på gjenvinningsstasjonane bør få eit lågare renovasjonsgebyr enn dei kundane som har tilbod om "gratis" vår- og hausttrydding.
- Ein god del kundar vil (særleg i ein innføringsfase) sjå seg om etter alternativ til å betale for å levera avfall på gjenvinningsstasjonane. Dette kan m.a. føra til meir misbruk av hyttekonteinarane i regionen.

Kartlegging/datainnsamling

Det er nokre ulemper knytt til alle former for system for å stoppa gratispassasjerar. Dei ulike systema har ulike kostnader, og dei ulike systema vil venteleg i ulik grad vera effektive for å stoppa ulike typar gratispassasjerar. Før det vert gjort meir med å utgreia moglege system, og kostnadene med desse, bør det difor kartleggast grundigare kor omfattande problemet med gratispassasjerar eigentleg er hjå NGIR, og kva type gratispassasjerar som utgjer det største problemet.

Hausten 2013 vart det over ei veke gjennomført ei spørjeundersøking på gjenvinningsstasjonen i Kjevikdalen, der alle kundane vart spurde om m.a. kva type avfall dei hadde med (frå hushald, hytte og/eller næring) og kva postnummer dei hadde (for å skilja dei som bur i regionen frå dei som ikkje gjer det). Undersøkinga gav ikkje veldig sikre svar, men "postnummertesten" er nok sikrere for å finna ut kor mange gratispassasjerar som kjem utanfrå NGIR-regionen, enn spørsmålet om avfallstype er for å kartlegga gratispassasjerar som er næringskundar. Gjennomføring av ei ny, tilsvarande spørjeundersøking kan kanskje gje svar på om undersøkinga frå hausten 2013 gav eit representativt bilete av situasjonen (ca 5 % kundar utanfrå NGIR-regionen).

Det kan vera interessant å sjå om avfallsmengdene per person er høgare hjå NGIR enn i andre avfallsselskap. Viss det er tilfelle, kan det vera ein indikasjon på at det er ein "lekkasje" inn i systemet – enten frå nabokommunar, eller frå næringskundar. Frå benchmarkinga som NGIR har teke del i kan ein prøva å få ut data om følgjande frå dei andre deltakarane:

- Tal innbyggjarar i avfallsselskapet
- Total avfallsmengde per innbyggjar
- Avfallsmengde per innbyggjar levert til gjenvinningsstasjonane
- Har avfallsselskapet betaling for levering til gjenvinningsstasjonane?
- Viss betaling, kor stor inntekt har ein på gjenvinningsstasjonane, samanlikna med total omsetnad?



STYREMØTE

Møtedato: 17.06.14

Sak nr: 15/14

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Bemanning

Vedlegg:

Utkast til ny organisasjonsplan

Saksutgreiing:

Dagleg leiar har tidlegare signalisert at det er trong for auka administrativ bemanning då ein over tid har sett at ein ikkje greier å utføra ein del oppgåver med god nok kvalitet.

Dei siste 10 åra er bemanninga i produksjonen nær dobla, medan bemanninga i administrasjonen har auka med om lag 5 % (ei halv stilling).

Driftsleiar Rune Ones ynskjer å trappa ned og i den samanheng ynskjer dagleg leiar å auka bemanninga og samstundes endra noko på ansvarsforhold og arbeidsoppgåver.

Innhaldet i stillinga som i dag heiter driftsleiar er omfattande og tenkt delt over to stillingar.

Dagleg leiar ynskjer å frita Rune Ones frå personalansvar og leiing av den daglege drifta, men la han behalda den delen av stillinga som omhandlar framtidsplanlegging (som t.d. utgreiingar og planlegging av reinseanlegg, reguleringsplan m.v.). I tillegg er det tenkt at han skal vera med og styrka HMT-arbeidet. Dagleg leiar ser for seg at leiargruppa (innanfor sirkelen) vert uendra. Som følgje av dette vil dagleg leiar tilsetja ein produksjonsleiar og ber styret om fullmakt til det.

Vedlagt utkast til ny organisasjonsplan er lagt fram for dei tillitsvalte og dagleg leiar har bede om innspel. Det er m.a. føreslått endringar i ansvarsområde og organisatoriske endringar samstundes. Dagleg leiar vil ha ein prosess med dei tillitsvalte kring dette.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Dagleg leier lyser ut stilling som produksjonsleiar

